



Rolf Hjelmtveit
Furumarka 14
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3515 - 18/36854

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.12.2018

Løyve til frådelling av festetomt - gbnr 137/284/6 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 670/18

Eigedom: Gbnr 137/284/6
Heimelshavar: Rolf Hjelmtveit, Elin Westervik og Svein Olav Hjelmtveit
Søkjjar: Rolf Hjelmtveit
Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

SAKSUTGREIING

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådelling av festetomt med gbnr 137/284/6. Eigedomen er bygd ut med einebustad med utleieghusvære. Storleiken på eigedomen, som er oppmålt, er i følgje matrikkelen oppgitt til 1 165 m². Kjøpar er May og Steinar Aakvaag.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 16.11.2018 med tilleggsdokumentasjon journalført mottatt 10.12.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 10.12.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Buheim er definert som byggeområde for bustadar. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med plan.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.



Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 02.11.2018.

Veg, vatn og avløp (VA)

Eigedomen har avkjørsle til kommunal veg og er tilknytt kommunalt vass- og kloakkanlegg.

VURDERING:

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf. pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomter som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Eigedomen gbnr 137/284 omfattar eit område som er regulert til bustadfelt. Reguleringsplanen for Buheim er del av dette området. Gbnr 137/284 omfattar i dag i hovudsak vegareal i tillegg to festetomter, festentr. 6 og 24, innanfor dette området.

Søknaden gjeld frådeling av bygd festetomt nr 6. Festetomta er oppmålt og vurdert å vera i samsvar med gjeldande plan. Frådelinga vert godkjend slik det er søkt om.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av festetomt med gbnr 137/284/6.

Grensene for parsellen går fram av situasjonskart datert 02.11.2018.

Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtala lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------|------------|------|-----------|
| May-Lin Ekerhovd Aakvaag | Buhaugen 2 | 5911 | ALVERSUND |
| Steinar Roger Aakvaag | Buhaugen 2 | 5911 | ALVERSUND |

Mottakarar:

| | | | |
|-----------------|--------------|------|-----------|
| Rolf Hjelmtveit | Furumarka 14 | 5911 | ALVERSUND |
|-----------------|--------------|------|-----------|